



Øystre Slidre kommune

Plan

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Adressater i følge adresseliste

Dykkar ref.:

Vår ref.:

HALOLA - 18/1235

Arkiv:

K1 - 144, K2 - M00

Vår dato:

21.02.2018

Kommunedelplan for vassmiljø - vassforsyning - avløp for Øystre Slidre kommune - oversending av vedtatt plan

Vedlagt følger samla saksframstilling frå behandlinga i Kommunestyret 15.02.2018.

Med hilsen

Ola Hålmoen

Fagsjef miljø


Vedlegg

44VVAplanVedtattKstyret150218

107590 21.02.2018

VedtadrListe 0218

107591 21.02.2018



Øystre Slidre kommune

Saksframlegg

ArkivSak: 16/1347
ArkivID: K1 - 144, K2 - M00
Saksbehandlar: Ola Hålmoen

Saksnr.	Utval	Møtedato
17/18	Formannskapet	01.02.2018
08/18	Kommunestyret	15.02.2018

VVA plan - behandling etter høyring

Vedlegg:

24.01.2018	VVAplandokSluttbeh	106181
24.01.2018	InnkomeMerknaderVVAplan	106182

Bakgrunn for saka:

Nyleg vedtatt (23.10.2014 – K-sak 42/14) samfunnsdel til kommuneplan prioritera utarbeiding av kommunedelplan for vassmiljø – vassforsyning – avløp (VVA plan). Same plan etablerer følgjande visjon for kommunen: Øystre Slidre - *Rein naturglede*. Utarbeiding av VVA plan vil være eit bidrag til konkretisering av visjon. Planen inngår i gjeldande planstrategi 2016 - 2020.

Saksutgreiing:

Planen er utarbeida for områda vassmiljø, vassforsyning og avløp. Dette legg til rette for å sjå mål og område i samanheng, noko som også bidreg til måloppnåing i høve til 'vassforskrifta' sine mål om vern og berekraftig bruk av vassførekomstane.

Vedtatt planprogram pkt. 5 definerar hovudinnhald i ferdig plan, og følgjande hovudkapittel er innarbeida i plan:

- Rammevilkår
- Vassmiljø – vassforvaltning
- Landbruk
- Avløpsanlegg
- Vassforsyning
- Mål vassmiljø
- Mål avløp
- Mål vassforsyning
- Tiltaksanalyse
- Økonomiske og administrative konsekvensar av plan
- Handlingsprogram

Planen omtalar totalt 34 tiltak med total kostnadsramme på 663 986 000 kr.

Handlingsprogram omfattar 29 tiltak med total kostnadsramme på 531 686 000 kr slik fordeling på forvaltningsområda:

	Vassmiljø	Avløp	Vassforsyning
--	-----------	-------	---------------

Antal tiltak	9	12	8
Kostnad	120 000	489 516 000	42 050 000

Eigeninnsats for kommunen for gjennomføring av handlingsprogram er estimert til vel 130 månadsverk.

Innhald i planen forøvrig går fram av vedlagt plandokument med samandrag.

Vurdering:

Vass- og avløpsplanar (VA plan) har svært lang tidshorisont (generasjonar), høgt investeringsbehov og kan råke mange av innbyggerane også økonomisk. Det er dermed sentralt å etablera system for dokumentasjon, info, involvering og forutsigbarheit både i planprosessen og som grunnlag for gjennomføring av handlingsprogram. Det har i tråd med planprogram vore vektlagt å presentere grunnlag for plan på ein visuell måte, slik at det skal være enkelt for alle å tileigne seg grunnlaget for plan og dei vedtaka som blir fatta.

Samordning med kommuneplan (arealplan og samfunnsdelen) har også vore sentralt. Det ligg godt til rette for dette i og med at det er samanfallande planperiodar. *Infrastruktursoner* i arealplan og kommunedelplaner har vore sentral ramme i høve til vurderingar av fellesløysingar for vatn og avløp. VVA plan har planperiode som også fell saman med dei to fyrste planperiodane for vassforvaltingsplanane.

Det vil vere både administrative og økonomiske rammer for gjennomføring av handlingsprogram. Økonomiske rammer vil omfatte låneramme og økonomiplan i form av langtidsbudsjett og årsbudsjett.

Rådmannen tilrår at høyringsutkast for kommunedelplan for vassmiljø - vassforsyning - avløp (VVA plan) blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 15.10.2017.

Rådmannen legg saka fram med slikt forslag til vedtak/innstilling:

Formannskapet vedtek at høyringsutkast for kommunedelplan for vassmiljø - vassforsyning - avløp (VVA plan) blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 15.10.2017.

24.08.2017 Formannskapet

Behandling:

Ordførar sette fram slikt tilleggsforslag:

Formannskapet ber administrasjonen inviterer til orienteringsmøter og jobbe med pressa og digitale fora for å skape blest om denne planen.

Ein ser for seg at ein både bør legge opp ei orientering til kommunestyret og arrangere grendamøter som er retta mot det som er mest nærliggande områder.

Forslag til vedtak med tillegg vart samrøystes vedteke.

FS-077/17 Vedtak:

Formannskapet vedtek at høyringsutkast for kommunedelplan for vassmiljø - vassforsyning - avløp (VVA plan) blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 15.10.2017.

Formannskapet ber administrasjonen inviterer til orienteringsmøter og jobbe med pressa og digitale fora for å skape blest om denne planen.

Ein ser for seg at ein både bør legge opp ei orientering til kommunestyret og arrangere grendamøter som er retta mot det som er mest nærliggande områder.

Nye opplysningar etter høyring

VVA plan vart lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring i tidsrommet 30.08 – 15.10.2017. I denne perioden vart det halde tre grendemøter høvesvis på Rogne skule, Ø. Slidre ungdomskule og Lidar skule. Totalt 30 personar deltok på møta, og både innanbygdsbuande og hytteeigarar var representert.

Merknader/innspeil til høyringsutkast.

Det er mottatt 16 merknader/innspeil til høyringsutkast med slik fordeling i høve til rolle og geografi:

Roller	Ant.	Ant. personar	Sørre del av kom	Midtre del av kom	Nordre del av kom
Regionale myndigheiter	3	-	-	-	-
Andre kommunar	1	-	-	-	-
Grunneigarlag/grunneigarar	3	51	3	0	0
Andre organisasjonar/næring	3	-	1	1	1
Privatpersoner – fastbuande	1	5	1	0	0
Privatpersoner- hytteeigar	5	9	5	0	0
Sum	16	65	10	1	1

Vurdering:

Samandrag og rådmannen sin vurdering av merknader/uttale:

Dok nr. 12	12. NVE Region Øst
Sammendrag	<p>NVE gjev uttrykk for at det er lagt ned mykje arbeid med dokumentasjon i planen, og at det er bra. Saknar følgjande:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Grunnvassuttak er konsesjonspliktig og må ha konsesjonsbehandling etter vassressurslova sine bestemmingar. Alternativt avklaring gjennom reguleringsplan, jfr. vassressurslova § 20. Andre vassuttak omfattast også av bestemmingar i vassressurslova, men er ikkje alltid konsesjonspliktige. Ber om nødvendig tilvising til vassressurslova og nødvendige avklaringar knytt til denne i planen.2. Referanse til verneplan for vassdrag med tilhøyrande rikspolitiske retningslinjer.3. NVE reknar med at tiltak som blir planlagt skal regulerast etter plan- og bygningslova slik at t.d. vassdragskryssingar og andre vassdragsinngrep blir avklara etter aktuelt regelverk i samband med høyringsprosessar.

<p>Vår vurdering</p>	<p><i>For enkelte tiltak vil det være nødvendig med eigen behandling i høve til særlov. Uttak av grunnvatn til fellesanlegg/alminneleg vassforsyning krev melding/konsesjonsbehandling etter vassressurslova § 45 ved uttak av over 100 m³pr. døgn. Uttak av overflatevatn til fellesanlegg/alminneleg vassforsyning krev konsesjonsvurdering/konsesjonsbehandling etter vassressurslova § 8 . I Kap 3 (Rammevilkår) avsnitt 3.2.1 'Lover og sentrale forskrifter' innarbeidast følgjande tillegg til omtale av Vassressurslova:</i></p> <p><i>Uttak av grunnvatn til fellesanlegg/alminneleg vassforsyning på over 100 m³ pr. døgn krev melding/konsesjonsbehandling etter vassressurslova § 45. Uttak av overflatevatn til fellesanlegg/alminneleg vassforsyning krev konsesjonsvurdering/konsesjonsbehandling etter Vassressurslova § 8. Sjå også vegleiar 1-2017 frå NVE ang. behandling av vassdrags- og grunnvasstiltak.</i></p> <p>2. Som referanse til Verneplan for Vassdrag innarbeidast følgjande kulepunkt i Kap 3 (Rammevilkår) under avsnitt 3.2.2 (Verna område):</p> <p><i>Verneplan for vassdrag. Kommunen har 3 varig verna vassdrag: Sjoa og Heggefjorden i Verneplan I og Etna i Verneplan IV. Det er utarbeida Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (FOR-1994-11-10-1001). Vernevedtak og Rikspolitiske retningslinjer inneber at det ikkje kan gjerast inngrep i vasstrengen eller i nedbørfeltet som endrar dei naturleg vassføringsvariasjonane, eller som i vesentleg grad påverkar dei vassdragsnære områda (100 m sone).</i></p> <p>3. VVA-plan er ei tematisk kommunedelplan som ut frå plangrunnlag, rammevilkår og målsettingar skal utgreie og definera aktuelle tiltak innafor vassmiljø, avløp og vassforsyning. Ved detaljplanlegging og gjennomføring av vedtatt prioriterte tiltak vil avklaring i høve til alle råka interesser generelt måtte avklarast gjennom prosessar etter plan- og bygningslova. Dette følgjer av gjeldande forvaltningssystem. Syner også til vurdering av uttale frå Fylkesmannen, jfr. doknr. 24 ang. tillegg til Kap 13 Handlingsprogram.</p>
<p>Doknr. 16</p>	<p>Oppland Fylkeskommune</p>
<p>Samandrag</p>	<p><i>Regionaleininga gjev uttrykk for at det er ei grundig utarbeida plan, og at det ligg eit godt kunnskapsunderlag til grunn for alle vurderingane som har blitt gjort på alle fagområde. Det er svært positivt at kommunen har utarbeida VVA plan der vassmiljø får stor merksemd. Kommunen er myndigheit på fleire område som påverkar vassmiljø og vasskvalitet og har ei viktig rolle i arbeidet etter vassforskrifta. Det er derfor ønskjeleg at vassforvaltning blir ein integrert del kommunen sitt arbeid, og at vedtekne forvaltningsplanar innarbeidas i alle aktuelle planar i den enkelte kommune. Det er gunstig at VVA plan har planperiode tilsvarande vassforskriftarbeidet, og ved å sjå vassmiljø i samanheng med vassforsyning og avløp er det mogleg å sjå område og behov for tiltak som</i></p>

	<p>ein heilskap.</p> <p>1. <i>Kulturarv</i> peikar på at det er mange kjente automatisk freda kulturminne og potensiale for kulturminne som ikkje er kjent i dei fleste område der kommunen har utarbeida framlegg til VA trasear. Det blir minna om at det kan ligge uregistrerte automatisk freda kulturminne innafør område som ikkje er avsett til utbygging. I slike tilfelle tyder godkjenning av kommunedelplan ikkje at arealbruken er endeleg avklara i høve til kulturminnevernet.</p>
Vår vurdering	<p>1. <i>Ved planlegging av aktuelle VA trasear er Riksantikvaren sin kartbase for automatisk freda kulturminne lagt inn i arbeidskart for å kunne ta omsyn til dei automatisk freda kulturminne. Ingen kjente automatisk freda kulturminne eller sikringssone rund disse skal vera råka av VA trasear. Kartbase for automatisk freda kulturminne er ma. pga. målestokk ikkje lagt inn på kartoversikter i plandokument.</i></p> <p><i>VVA-plan er ei tematisk kommunedelplan som ut frå plangrunnlag, rammevilkår og målsettingar skal utgreie og definera aktuelle tiltak innafør vassmiljø, avløp og vassforsyning. Ved detaljplanlegging og gjennomføring av vedtatt prioriterte tiltak vil avklaring i høve til alle råka interesser generelt måtte avklarast gjennom prosessar etter plan- og bygningslova. Dette følgjer av gjeldande forvaltningssystem. Syner også til vurdering av uttale frå Fylkesmannen, jfr. doknr. 24 ang. tillegg til Kap 13 Handlingsprogram.</i></p>
Doknr. 24	Fylkesmannen i Oppland
Samandrag	<p>Kommunen får ros for arbeidet med ein overordna plan der alle fagområda knytt til vatn, både vassmiljø, vassforsyning og avløp blir handsama i same plan. Kommunen har brukt bakgrunnsmateriale frå arbeidet med kartlegging av vassførekomstar som grunnlag for prioritering av utfordringar og tiltak. Dette er eit førebiletleg døme på oppfølging og innarbeiding av vassforskrifta i overordna planar. Det er og positivt at det blir lagt til rette for å sjå mål og område i samanheng, samt at samordning med kommuneplanen har vore sentralt. Kommunen har, og har hatt stort fokus på tilrettelegging for fritidsbustader, og det er difor naturleg at planen legg vekt på kartlegging og tiltak knytt til spreidd avløp i område med fritidsbustader. Også positivt at landbruk er omtala i eige kapittel(kap 5). Plandokumenta er sær s omfangsrrike og detaljerte, og det er lagt ned eit omfattande arbeid i planen. Det konkluderast med at Fylkesmannen korkje har lokalkunnskap eller kapasitet til å vurdere detaljar og kome med konkrete tilrådingar for dei punkta det er bede om attendemelding på i høyringsbrev.</p> <p>1. Det blir stilt spørsmål ved om det er planstrategisk rett og innarbeide så mange tiltak (34 tiltak) i ein bindande kommunedelplan, dersom kommunen meiner at dette ikkje er realistisk. Både for kommunen sjølv og andre som blir påverka av planarbeidet bør det heller satsast på å utarbeide handlingsprogram med prioritering av tiltak som det er realistisk og gjennomføre i planperioden. I og med at planen omhandlar vassmiljø, og hovudmålet for vassmiljø i planen er at miljøtilstanden skal være så nær naturtilstanden som mogleg, føreset ein at kommunen i handlingsprogrammet prioriterer tiltak som bygger</p>

	<p>opp under dette hovudmålet.</p> <p>2. FM har ikkje oversikt over i kor stor grad medverknad er gjennomført i planprosessen. Planen er omfattande og samansett med potensielt store konsekvensar for til dømes eigarar av fritidsbustader. Både ved slutføring av planen og ved oppstart av dei ulike aktivitetane og tiltaka som blir vedtekne i handlingsprogrammet, er det viktig med god informasjon og kommunikasjon med grunneigar, næringar og eigarar av fritidsbustader. Ei sams forståing for utfordringane som er knytt til vassmiljø er naudsynt for å få ei god forankring og grunnlag for gjennomføring av dei prioriterte tiltaka som blir vedtekne i planen.</p> <p>3. Etablering av VA trasear medfører behov for tekniske inngrep i naturen, og i område som ikkje er avsett til byggeområde i overordna plan kan det være lokale førekomstar av naturverdiar som blir råka. Det blir nemnd slåttemark og naturbeimark ved Juvike som døme på dette. FM vil minne kommunen om ansvaret for å vurdere og ta omsyn til naturmangfald i samband med etablering av VA trasear. Det same gjeld spørsmål knytt til framføring av VA leidning over dyrka jord og verknaden det kan få for produksjonsevna. Disse omsyna bør presiserast og innarbeidast som eit oppfølgingspunkt i planen.</p>
<p>Vår vurdering</p>	<p>1. <i>Det er talet på infrastruktursoner i vedtekne arealplaner (arealdelen og kommunedelplaner) med krav om fellesløysingar for vatn og avløp som er utgangspunkt for talet på område det er utarbeida framlegg til felles VA løysing for. Det er definert totalt 34 tiltak, og av disse er 29 prioritert. Av større og kostnadskrevjande tiltak på VA området er det prioritert 5 av 10 tiltak jfr. tab. 23. To av kriteria for prioritering er sentrale i høve til vassmiljø (pkt. 2 og 4). For å vurdere realisme i økonomisk ramme for prioriterte tiltak er det utarbeida dekningsbidragsanalyse med utgangspunkt i sjølvkostprinsippet.</i></p> <p>2. <i>Ved utarbeiding av plan har det vore vektlagt visualisering av data/grunnlag gjennom m.a. kartfigurar for at alle skal kunne gjera seg kjent med plangrunnlag og analyser som er grunnlag for vedtak. Det er gjennomført opent møte, grendemøter og møte med referansegruppa. Ved oppfølging av plan og det enkelte tiltak vil kontakt og dialog mot publikum være viktig, og kommunen vil gå ut med tilbod om lokale orienteringar for tiltaksområda/reinseområda.</i></p> <p>3. <i>Nasjonal og lokal base for naturtypar vart gjennomgått i samband revisjon av arealdelen (2016). Denne har saman med kartbase over raudlistearter og freda arter (Artsdatabanken) vore lagt inn i arbeidskart for å kunne ta omsyn til naturmangfaldet. Kartbasane for naturtypar, raudlistearter og freda arter er ma. pga. målestokk ikkje lagt inn på kartoversikter i plandokument. I staden er det utarbeida temakart som syner framlegg til VA nett og registrerte førekomstar for natur- og kulturmiljø, jfr. vedlegg 5 i plandokument. Det er to område ved Juvike samt to mindre område i Rogne der naturmangfald evt. kan</i></p>

	<p><i>bli råka av VA trasear (slåttemark og naturbeitemark, verdi B). Dette må avklarast i samband med detaljplanlegging, og sidan dette er kulturpåverka naturtypar er det aktuelt med ny registrering for oppdatert status. Omsynet til naturmangfald langs Ygna blir avklara gjennom konsesjonssøknad for uttak av vatn frå Mellsenn.</i></p> <p><i>For å sette fokus på rutinar i samband med detaljplanlegging og gjennomføring av tiltak er det framlegg om innarbeida følgjande avsnitt i kap. 13 Handlingsprogram:</i></p> <p>13.2 Gjennomføring av tiltak og avklaring i høve til råka interesser. VVA-plan er ei tematisk kommunedelplan som ut frå plangrunnlag, rammevilkår og målsettingar skal utgreie og definera aktuelle tiltak innafor forvaltningsområda vassmiljø, avløp og vassforsyning. Ved planlegging og kartfesting av fysiske tiltak(eks. VA leidning) i LNFR område er gjeldande kartbasar for automatisk freda kulturminne, naturtypar, raudlista og freda arter samt stølsmiljø lagt til grunn. Ved detaljplanlegging og gjennomføring av vedtatt prioriterte tiltak vil avklaring i høve til alle råka interesser generelt måtte avklarast gjennom prosessar etter plan- og bygningslova, samt nødvendig særlovsbehandling (vassressurslova, jordlova - dyrka mark). Dette følgjer av gjeldande forvaltningssystem. Ved etablering av VA grøfter på dyrka mark er det særleg viktig å rekonstruere lagdelinga (matjord – undergrunn) og unngå jordpakking i samband med massetransport, jfr. Bioforsk rapport nr. 181 2012.</p> <p>Kap 3 ‘Rammevilkår’ har oversikt over viktig regelverk for forvaltningsområda vassmiljø, vassforsyning og avløp, dvs. lover, forskrifter, retningslinjer samt overordna regionale og lokale planar.</p>
Doknr. 14	Vestre Slidre kommune
Samandrag	<p>Peikar på at Fig. 23 i plandokument syner oversikt over sikringssoner for råvasskjelder både for offentlege og private vassforsyningsanlegg. Øyangen som er drikkevasskjelde for Ellestadbygda Vassverk og Vatningslag AS manglar slik kategorisering og sikringssone. Sjølv om vassverket ikkje ligg i Øystre Slidre, meiner Vestre Slidre kommune at også Øyangen bør markeras som råvasskjelde for privat drikkevasssystem med tilhøyrande sikringssone. Vestre Slidre vil på sin side følgje opp med tilsvarande innarbeiding på eigen del av Øyangen i sitt planarbeid framover.</p>
Vår vurdering	<p><i>Kartfigur 23 i plandokument er illustrasjon/dokumentasjon av sikringssoner i gjeldande arealplaner. Heimel ligg dermed i kartfigur og føresegner i nyleg vedtatt arealdel (2016 – 2028) og kommunedelplanane for Beitostølen området(2011 – 2019) og Gravfjellet(2013 – 2025). Spørsmålet om evt. sikringssoner for Øyangen må dermed takast opp i samband med revidering av aktuelle arealplaner.</i></p>
Doknr. 13	Foreningen for Mellsennvassdraget v/Gunnar Grette
Samandrag	<p>Det konkluderas med at det er svært trist at Mellsenn føreslås som</p>

	<p>drikkevasskjelde. Dette grunnjevast generelt med innsjøen si beliggenheit og karakter, nedslagsfelt, omfattande busetnad, stølstilhøve, ferdsel, turisme og næring. I tillegg kjem ytterlegare grunnar til:</p> <p>Det er mange år sidan vassprøvene i Mellseinn vart tatt, og det er ikkje sikkert at dei er haldbare no eller når prosjektet skal realiseras. Seinast i 2016 er det observert ny og slibrig gul botnvegetasjon i området frå Flasåsen til Skjærvike.</p> <p>Ved tørkesituasjonar vil vassføringa i Ygna kunne bli ramma med negative eller øydeleggjande følgjer for artsmangfaldet. Det blir vist til avslått konsesjon til Ygna Kraftverk pga. truga artsmangfald i Ygna.</p> <p>Grunnvasskjelder er å føretrekke framfor overflatevasskjelder, og grunnvassføreskomsten Sandtangen er prøvebora og testa to gonger. Sandtangen vil kunne eliminere bruken av Mellseinn som vasskjelde, og alle dei utfordringar og negative tilhøve dette vil føre med seg. Sandtangen er også vesentleg billigare å bygge ut.</p>
Vår vurdering	<ol style="list-style-type: none"> 1. <i>Vassprøver vart tatt i Mellseinn og alle innløpsbekkar i 2008, jfr. temakart på kommunen si heimeside. I samband med konsesjonssøknad for uttak av drikkevatt vil vasskvalitet bli dokumentert på nytt. I og med at arealbruken i nedbørfeltet har endra seg lite i perioden vurderas det som lite sannsynleg at vasskvaliteten har endra seg. Omfanget på landbruksdrifta har i følgje landbrukskontoret gått ned. Rik botnvegetasjon kan ofte også være indikasjon på klart og reint vatn. Vanskeleg å vurdere dette i og med det ikkje føreligg artsopplysningar. Kan avklarast i samband med ny kartlegging av vasskvalitet.</i> 2. <i>Biologisk mangfald langs Ygna omfattar i følgje gjeldande basar 6 område frå innløp Ø. Slidre åne til Mellseinnvegen/Bumyr fordelt på naturtypene bekkekløft(3), bekkekløft og bergvegg(2) og fossesprøytzone (1). To av områda rett oppstraums og nedstraums RV51 er A område mens resten av områda fordeler seg på B(1) og C(3) område. I A områda er det registrert (2014)raudlistearter av mosar(2) og lav(1) tilhøyrande kategoriane strekt truga(EN). Konsesjonsvurderinga har fokus på omsynet til ålmenne interesser som også omfattar biologisk mangfald. I samband med konsesjonssøknad vil biologisk mangfald bli kartlagt i B og C områda samt område oppstraums Mellseinnvegen/Bumyr. Generelt vil vassuttak direkte frå elva i samband med kraftproduksjon ha større verknad på vassføring nedstraums enn uttak frå ovanfor liggjande magasin med betydeleg kapasitet. Spørsmålet vil bli grundig vurdert og avklart i samband med konsesjonshandsaming etter vassressurslova (§ 8).</i> 3. <i>Grunnvasskjelder er å føretrekke framfor overflatevasskjelder særleg når overdekning(umetta sone) er tilstrekkeleg(3-4 m), det ikkje føreligg forureiningsfare og vasstiltførsel til grunnvassmagasin ikkje har for høgt humusinnhald. Sandtangen er vurdert å ha utfordringar knytt til alle kriteria. I tillegg er det sjølvfall frå Mellseinn, mens Sandtangen krev</i>

	<p><i>pumpeløysing med relativt store driftskostnader(straum). Årlege kostnader (år 1) for dei to alternativa er ut frå sjølvkostprinsippet utrekna til 1,7 mill kr for Sandtangen og 1,5 mill kr for Mellsenn. Sjølvfallsløysing for Mellsenn har også fortrinn i høve til beredskap og sikkerheit.</i></p>
Doknr. 11	Vindin vassverk
Samandrag	<p>Vindin Vassverk SA synes planen er eit godt arbeidsdokument og verktøy for vidare arbeid med utbygging av VA i kommunen. Har følgjande merknader:</p> <p>Etterlyser klarare tidsfrist for utbygging av VA i Robølsøvda – Gravfjellområdet. Har stor tyding for Vindin Vassverk SA at området blir utbygd og avkloakkert.</p> <p>Vassprøver tatt ved Vidflå viser vesentleg dårlegare kvalitet enn råvassprøver tatt i Sørre Vindin. Det tyder på at det er utslepp av kloakk oppstrøms Vidflå.</p> <p>Felles vassforsyning Rogne – Skattebu er ikkje etablert pga. manglande interesse. Planlagt ringleiding vil kunne forsyne alle oppsittarar på kotehøgde med Øvrebygdsvegen utan bruk av pumpe. Vassverket er sitt ansvar bevisst når det gjeld ansvarsområdet (Nordtorp – Rogne skule), og er klare til utbygging når ei større gruppe av oppsittarar i området ønskjer det.</p>
Vår vurdering:	<ol style="list-style-type: none"> <i>1. Kommunen har overvåkingsdata for Vidflå (2006 – 2016) og utløp Yddin(2006-2011). Samla vurdering av alle data indikera i liten grad utslepp frå avløpsanlegg til Yddeåne. Har Vindin Vassverk SA data som indikera noko anna, er det fint om vi får tilgang til disse. Generelt vil vasskvalitet i elvar og bekkar på same tid ha større naturleg variasjon enn i innsjøar i same område. Det er registrert enkelte år med kraftig attgroing i Javnåne og Yddeåne. Årsak til dette er ikkje endeleg avklart. Det kan være avrenning frå avløpsanlegg, men kan også være 'naturleg' avrenning (myrområde), eller ein kombinasjon av disse. Det er definert tiltak i framlegg til handlingsprogram for vassmiljø (nr. 3) som teke sikte på å avklare dette.</i> <i>2. Avløpsløysing for Gravfjellplanområdet er prioritert i framlegg til handlingsprogram. Framdrift for større prioriterte tiltak på avløpsområdet er ikkje tidfesta i planperioden fordi dette også i utgangspunktet i stor grad avhenger av interesse frå eksisterande busetnad og framdrift for planer for nye utbyggingsområde. Sørre Vindin og delar av tilsigsområde er som for dei andre hovudvasskjeldene sikra gjennom sikringssoner i arealdelen og kommunedelplan for Gravfjellet samt framlegg til differensierte miljømål etter vassforskrifta, jfr. også kommunen si rolle etter den nye drikkevassforskrifta (§ 26).</i> <i>3. VA nett for Rogne – Skattebu er prioritert i framlegg til handlingsprogram, og må sjåast i samanheng med etablering av Mellsenn som ny hovudvasskjelde i sør (Kollstad vassverk). Det vurderas som lite aktuelt å etablere leidningsnett berre for vassforsyning. I samband med dette er det framlegg om at gjeldande vedtak (K-sak 49/93) om forsyningsområde for vassverka blir tatt opp</i>

	<i>til ny vurdering, jfr. tiltak nr. 1 i framlegg til handlingsprogram for vassforsyning</i>
Doknr. 23	Opplysningsvesents fond (Ovfs)
Samandrag	Ovfs arbeider med å sjå på mulegheitene for utvikling og regulering av områda som er avsett til fritidsbusetnad på Ovfs sin eigedom. Ovfs sin eigedom samt 2 andre grunneigarar ligg inne i det same området med krav om felles plan. Når det gjeld løysing for VA er det for tidleg å seie noko om dette, men det er ønskjeleg å kunne nytte den som er rimelegast, og samtidig har best kapasitet for området. Det blir teke kontakt med kommunen i det vidare arbeidet når det er klart for det.
Vår vurdering	<i>Tas til etterretning. Når plan er vedtatt vil kommunen gå ut med invitasjon til info/dialogmøter med det enkelte tiltaksområde/reinseområde.</i>
Doknr. 22	Kollstad-Melby-Lineikro sameige v/ leiar Grethe K. Hoviosen
Samandrag	<ol style="list-style-type: none"> 1. Kommuneplanens arealdel og VVA-plan burde vært parallelle planprosessar slik at eigedomane i sameiget kunne vært vurdert i ein meir heilskapleg samanheng. Tilrettelegging for auka satsing på fritidseigedomar og synergieffektar av dette er av stor interesse for landbrukseigedomane i denne delen av kommunen. Innspel for området Mellsenheimstølen i samband med kommuneplanen sin arealdel vart ikkje realitetsvurdert ved å syne til at området er nedslagsfelt for drikkevasskjelde. Når VVA planen har tiltak som i stor grad vil redusera potensiell ureining ville dette ha vore viktig argument for konsekvensutgreiing. VVA plan bør inkludera ein vesentleg auke av fritidsbustader i dette området. 2. VVA plan bør i det vidare arbeidet konkretisera føresegner for vernesonene og kva for restriksjonar for arealbruk som blir gjeldande for nedslagsfeltet Turrsjøen, Skjervike og Mellsen. 3. Blir bedt om konkretisering av korleis inntak i Mellsen vil påverke vernesone for vassdraget frå utløp av Mellsen til Bumyr. 4. Ber om at minstevassføring i Ygna blir konkretisert. 5. Ber om at risiko for avrenning frå evt. reinseanlegg på Juvikåsen til Veslevatnet, Midtvatnet og Hovsjøen blir vurdert. 6. Foreslår at felles vassforsyning for Blilie og evt. Turrsjøen blir vurdert til dømes ved at vatn frå Mellsen blir pumpa opp til høgdebasseng øvst i Blilie.
Vår vurdering:	<ol style="list-style-type: none"> 7. <i>Kommuneplanens arealdel og kommunedelplanane er dei sentrale verktøya for all arealbruk/arealforvaltning. Arealbruken i planperioden blir fastsett i plankart med tilhøyrande føresegner og retningslinjer. For vassmiljø og VA området er fastsetting av infrastruktursoner og sikringssoner viktige element. Infrastruktursonene stiller krav til infrastruktur som t.d. fellesløysingar for vatn og avløp. Sikringssonene regulerer arealbruken for drikkevasskjelder og tilsigsområde for å sikre best mogleg råvasskvalitet. VVA-plan er ei tematisk kommunedelplan som ut frå plangrunnlag, rammevilkår og målsettingar skal utgreie og definere aktuelle tiltak innafor vassmiljø, avløp og vassforsyning. Infrastruktursoner og sikringssoner i vedtekne arealplaner blir dermed viktig grunnlag for VVA plan, og det var dermed mest hensiktsmessing med planvedtak for arealdelen (2016-2028) i forkant av VVA plan. Endring i arealbruk som t.d. nye byggeområde må dermed også avklarast i samband med revisjon av arealplan. Gjennomføring av tiltak i VVA plan som fellesløysing for VA vil imidlertid kunne endre</i>

- føresetnadene for vurdering/konsekvensutgreiing av nye byggeområde.*
8. *Føresegner og retningslinjer for sikringssonene i Mellaneområdet er fastsett i gjeldande arealdel, jfr. pkt 9.1 i vedtekne føresegner.*

Sikringssoner

Heimel: pbl §§ 11-8, bokstav a) og 11-11

Nedslagsfelt drikkevatt

Dette gjeld Ole, Vindin, Ringåne vassverk og Mellsenn / Ygna. Vatna med 100-m –beltet langs desse og bekker/elver med direkte utløp i drikkevasskjeldene, er omfatta. *Fylgjande er forbode i sonene:*

1. *Bruk av eksisterande eigedommar og bygningar som kan medføre fare for ureining av vasskjelda*
2. *Nyetableringar som kjem innunder pbl §§ 20-1, 20-2 eller 20-3 med unntak av:*

Naudsynt aktivitet i samband med etablering av felles vass- og avløpsanlegg

Tiltak som ikkje medfører fleire bueingar

Gjenoppbygging med same tal brukseiningar etter brann/naturskade

3. *Etablering av vegar*
4. *Nydyrking*
5. *Masseutskifting nærare vatn og tilløp enn 50 m.*
6. *Organiserte fritidsaktivitetar, leirslagning, stevner eller liknande, med mindre dette er godkjent særskilt*
7. *Deponi av gjenstandar, avfall, slam og liknande*
8. *Bruk av olje- eller oljeprodukt av slikt omfang at stoffa kan gi fare for ureining. Dette omfattar eksempelvis forbrenningsmotor på båt.*
9. *Lagring og bruk av plantevermiddele i fareklasse "Tx - Meget giftig", "T - Giftig" og "Xn – Helseskadeleg". Det kan bli gjort unntak for lagring og bruk av slike produkt til landbruksverksemd, men aldri nærare vatn og tilløp enn 50 m.*
10. *Bruk av kloakkslam. Gjødsling elles skal skje i samsvar med gjødseplan.*
11. *Lagring av gjødse, kompost og barkfyllingar, med mindre dette er godkjent særskilt*
12. *Uteforing eller annan organisert samling av dyr, med mindre dette er godkjent særskilt*
13. *Transport av jord eller andre masser inn i området*

Tekst i *kursiv*: Føresegn Normal tekst: Retningslinje

3. *Sikringssone for Ygna frå Mellsenn til Bumyr er fastsett med utgangspunkt i dagens vassinntak for Kollstad vassverk ved Bumyr. Ved evt. flytting av vassinntak til Mellsenn vil dette kunne være grunnlag for ny vurdering av sikringssone. Sikringssone er heimla i gjeldande arealplan, og evt. endring vil kunne gjennomførast ved neste revisjon.*
4. *Etablering av Mellsenn som ny råvasskjelde er plangodkjent av Mattilsynet(2011). I tillegg vil vassuttak krevje konsesjonshandsaming etter vassressurslova § 8. Sentralt tema i konsesjonssak vil være minstevassføring i Ygna. NVE er forvaltningsmyndigheit, og vil fatte vedtak om minstevassføring etter at saken har vore på høyring til grunneigarane og andre råka partar. Sjå også doknr. 13 pkt. 2.*

	<p>5. <i>Evt. reinseanlegg på Juvikåsen vil være fullreinseanlegg, dvs. anlegg vil ha både kjemisk og biologisk reinsetrinn. I tillegg vil det etablerast etterreinsing/etterpolering av avløp i stadeigne masser. Området har godt lausmassedekke som sannsynlegvis er godt egna for infiltrasjon. Kommunen vil være driftsansvarleg, noko som sikrar god oppfølging og drift av anlegget. Avstand til næraste vatn(Veslevatn) er i underkant av 300 m, og det vurderast som svært lite sannsynleg at avløp frå reinseanlegg vil påverke vasskvalitet i Veslevatn, Midtvatn og Hovsjøen.</i></p> <p>6. <i>I planutkast s. 65 er felles vassforsyning frå Mellsenn vurdert som aktuelt alternativ for Mellane området. Føresetnaden er at det blir etablert leidningsnett både for vatn og avløp. Overkant av Blilie vil være aktuell plassering av høgdebasseng.</i></p>
Doknr. 25	Grunneigarar i Kollstad-Melby-Lineikro sameige. (Sigrun Irene Gullaksen, Egil Tvenge, Siri Melbybråten, Øyvind Klevebråten Dalen, Bjørn Ivar Gunhildgard, Erik Hovi, Grethe Karin Hoviosen, Arvid Kolstadbråten)
Samandrag	<ol style="list-style-type: none"> 1. Med bakgrunn i planlagt reinseanlegg blir det bedt om at omfang på framtidig utbygging i Skjærvike blir konkretisert. 2. Ber om at vernesone og evt. restriksjonar blir presisert for nedslagsfeltet til Mellsenn som råvasskjelde, både med omsyn til utbygging og landbruksaktivitet. 3. Inntak på rett djupn direkte frå Mellsenn vil kunne fristille arealene frå utløpet av Mellsenn, og opne for utnytting av areala til variert utmarksnæring. Ber om at planen drøfter dette. 4. Er opptatt av korleis minstevasstanden i Ygna blir sikra i turre somrar. Ber om at dette blir presisert i plan.
Vår vurdering:	<ol style="list-style-type: none"> 1. <i>VVA-plan er ei tematisk kommunedelplan som ut frå plangrunnlag, rammevilkår og målsettingar skal utgreie og definera aktuelle tiltak innafor vassmiljø, avløp og vassforsyning. Evt. endring av/etablering av nye byggeområde vil måtte avklarast i samband med revisjon av arealplan. Gjennomføring av tiltak i VVA plan vil kunne endre føresetnadene for vurdering/konsekvensutgreing av nye byggeområde. Syner elles til doknr. 22 pk1. 1.</i> 2. <i>Syner til doknr. 22 pkt 2.</i> 3. <i>Syner til doknr. 22 pkt.3.</i> 4. <i>Syner til doknr. 22 pkt. 4 og doknr. 13 pkt. 2.</i>
Doknr. 8	Beitostølen vel
Samandrag	Beitostølen vel har ingen kommentarar til føreslegne tiltak, men gjev tilslutning til tiltak som sikrar trygge og kostnadseffektive løysingar for vassforsyning og avløp.
Vår vurdering:	<i>Tas til etterretning.</i>
Doknr. 21	Stig Hermundstad m/fleire

	(Tormod Hermundstad, Siv Anita Dokken, Inger Hermundstad, Trygve Hermundstad)
Samandrag	Det er lite vatn og vatn av dårleg kvalitet både i Skattebubygde og Røgnsbbygde. Brønner blir tome på vinteren, og borevatn smakar svovel pga. skifer i fjellet. Dette er ganske vanleg for mange i dette området. Dette må prioriterast høgt då det er farleg drikke av vatnet i området. Dette er minst like viktig som offentleg avløp i fjellet. Håper kommunen tek ansvar og legg offentleg vassleidning gjennom bygda.
Vår vurdering	<i>Framlegg til VVA plan prioritera etablering av VA nett for Rogne – Skattebu samt etablering av Mellsenn som ny råvassskjelde for Kollstad vassverk. Ut frå økonomi er det nødvendig å sjå avløp og vassforsyning i samanheng. Skattebu – Rogne ligg ut frå kommunestyrevedtak 49/93 innanfor Vindin vassverk sitt forsyningsområde. Handlingsprogrammet har som fyrste tiltak(2018) å ta opp spørsmålet om vassforsyningsområde for vassverka. Vidare utarbeide konsesjonssøknad for vassuttak frå Mellsenn i 2018, samt etablere vassleidning Ås-Mellsenn og høgdebasseng ved Breimyr 2019-22.</i>
Doknr. 15	Halvor Ås (hytteigar Juvike/Turrsjøområdet)
Samandrag	<ol style="list-style-type: none"> 1. Høyringsutkast har ikkje miljøutgreiing. Bekymra over at all graving skal føringa miljøet – miljøomsyn bør avklarast. 2. Ikkje utgreia kva ekstra kostnader har å seie for stølsdrift. Dette er aktivitet som berikar området og som kommunen bør fortsette å legge til rette for. 3. Framlegget er kostbart pr. eining og ikkje alle hytter har innlagt straum. 4. Dokumentet tek ikkje omsyn til kostnader med nødvendig oppgradering av eldre hytter. 5. Alternativ løysingar er forbrenningstolett med infiltrasjon av gråvatn. 6. Det er ikkje utgreia kostnader for vassforsyning til hyttene. 7. Ønskje om avløpsløyseing er grunngeve med vassforsyning i bygda. Det synes urimeleg at hytteigarane skal belastast dette. Særleg for eldre hytter blir avløpsløyseing kostbar.
Vår vurdering	<ol style="list-style-type: none"> 8. <i>Ved utarbeiding av aktuelle VA trasear er kjente data for automatisk freda kulturminner (riksantikvaren) , naturtypar(naturbase), raudlistearter og freda arter (artsdatabanken) samt stølsmiljø (stølsprosjektet) lagt til grunn, jfr. også temakart i vedlegg 5 til plandokument.. Områda vurderas med utgangspunkt i jordsmon og lokalklima i stor grad å ha god revegeteringsevne. VA traseane vil dermed være inngrep av midlertidig karakter. VVA-plan er ei tematisk kommunedelplan som ut frå plangrunnlag, rammevilkår og målsettingar skal utgreie og definera aktuelle tiltak innafor vassmiljø, avløp og vassforsyning. Ved detaljplanlegging og gjennomføring av vedtatt prioriterte tiltak vil avklaring i høve til alle råka interesser generelt måtte avklarast gjennom prosessar etter plan- og bygningslova. Syner også til Doknr. 24 pkt. 3.</i> 9. <i>Generelt er landbruksdrift med mjølkeproduksjon avhengig av både hygienisk betryggande konsumvatn og produksjonsvatn. Temaet vurderas i stor grad å høyre heime under landbruksplan/landbruksstrategi.</i> 10. <i>Erfaring syner at etablering av straumnett i eldre fritidsbusetnad fører til standardheving med m.a. innlagt vatn og avløp. Dette må på same måte som etablering av VA nett vurderast i eit langsiktig tidsperspektiv.</i> 11. <i>Kostnadene med oppgradering av eldre hytter vurderas ikkje å vera tema for VVA plan.</i>

	<p>12. <i>Infrastruktursoner i gjeldande arealdel med tilhøyrande føresegner legg sterke føringar i høve til val av VA løysingar. Særleg gjeld dette for Mellane området med Mellsenn som framtidig drikkevasskjelde både lokalt og for søre del av bygda, jfr. pkt. 12.1.2. i føresegnene til vedtatt arealdel:</i></p> <p><u>12.1.2 Krav som gjeld infrastruktur - vatn og avløp, hensynsonenamn I-410-VA og I-410-M</u> <i>Innan desse sonene skal alle nybygg og tilbygg på brukseiningar med innlagt vatn koplatt til felles avløps- og vassforsyningsanlegg. Tilsvarande gjeld innlegging av vatn og etablering av avløp i eksisterande bygg.</i></p> <p><u>Spesielt for I-410-M:</u> <i>Dette gjeld nedslagsfeltet til drikkevasskjelda Mellsenn. Her er høg tettleik av hytter, elektrisitetsnett er i ferd med å bli etablert og det eksisterer få separate avløpsanlegg. Dispensasjonspraksis skal vere svært streng i denne sonen.</i></p> <p><i>Hovudregelen er at både eksisterande og framtidige bygg med innlagt vatn skal knytast til fellesløysingar for vatn og avløp, og det er lite rom for å dispensere frå dette kravet. Forbrenningstoalett og andre separate løysingar i samband med innlagt vatn vil dermed ikkje være aktuell generell løysing. Vi er også sterkt i tvil om forbrenningstoalett med infiltrasjon av gråvatn er avløpsløysing som fleirtalet av hytteeigarane vil finne tilfredsstillande, særleg på sikt. Ved etablering av felles avløpsløysingar i eksisterande busetnad vil det være einingar som av praktiske/økonomiske årsaker ikkje kan knytast til fellesløysing. Pkt. 2 (føresegn for gjennomføring av VVA plan), Pkt. 3 (Retningslinje/forskrift for spredt avløp) og pkt. 6 (separat avløp/infiltrasjonsløysingar innafor infrastruktursonene) i handlingsprogram til VVA plan vil være grunnlag for å finne gode løysingar i slike tilfelle.</i></p> <p>6. <i>Ved etablering av VA nett blir det også lagt leidning for vassforsyning. Vassforsyning med unntak for høgdebasseng er dermed inkludert i kostnadsoverslag.</i></p> <p>7. <i>Krav til fellesløysing for infrastruktursonene (jfr. fig. 25 i plandokument) er grunngjeve ut frå omsynet til vassmiljø og behov for langsiktige og heilskaplege løysingar på VA området. Omsynet til Mellsenn som drikkevasskjelde er tilleggsmoment. Kostnadene til infrastruktur og drift av VA skal dekkast ut frå sjølvkostprinsippet, jfr. avsn. 12.2 i plandokument. Kommunen har ei gebyrsone, og det vurderast som lite sannsynleg at Mellaneområdet vil subsidiere andre delar av kommunen, særleg i utbyggingsfasen.</i></p>
Doknr. 17	Randulf Rønningen, Anne og Torstein Rønningen (hytteeigarar Juvike)
Samandrag	<p>Ser behov for kontroll på vatn- og avløpstilhøve også i hytteområda, og då særleg Mellsennområdet med bakgrunn i Mellsenn som framtidig hovudvasskjelde.</p> <p>1. Verkar voldsomt å grave meir enn 15 km VA grøft i høgjelsterreng</p>

	<p>som er sårbart for inngrep. Vil rasere eit av dei finaste støls- og hytteområda i Valdres for mange år framover.</p> <ol style="list-style-type: none"> Verkar kostbart å skulle bruke 55 mill. kr på 220 hytter stølar, dvs. ca 250 000 pr eining. Er usikker på om vassforsyning til kvar eining ligg inne i kostnad for leidningsnett. Det ser ut til at det ved utrekning av PE er nytta standard for handtering av gråvatn. Bør vurdere enklare løysingar med slamanlegg for gråvatn og lukka svartvannstank og vassbesparande toalett. Bli vist til løysing for hytteområde i Ål kommune. Er enklare, meir skånsomt og mykje rimlegare. Forbrenningstoalett (gass, strøm) er løysingar som er uavhengig av straum og vatn.
Vår vurdering	<ol style="list-style-type: none"> <i>Syner til Doknr. 15 pkt. 1.</i> <i>Kommunen har ansvar for vassforsyninga til alle brukargrupper ut frå kommunehelselova (§ 2), drikkevassforskrifta (§ 26) og regelverk for beredskap og sikkerheit. Mellse er vurdert som den beste råvasskjelda i kommunen og fellesløysingar for VA er vurdert som den beste løysinga for ivareta denne viktige ressursen på lenger sikt (generasjonar). Syner også til doknr. 15 pkt. 7.</i> <i>Syner til doknr. 15 pkt. 6.</i> <i>Ved utrekning av PE for hytter er norm frå BIOFORSK/NIBIO nytta: 6 personar pr. hytte og brukstid 0,3 år. Dette omfattar både gråvatn og svartvatn.</i> <i>Syner til doknr. 15 pkt. 5.</i>
Doknr. 18	Ann-Margitt Børresen, Geir Børresen (hytteeigarar Juvike), Kirsti Nordhaug (hytteeigar Skjærvike)
Samandrag	<p>Har med stor forundring lest framlegg til kloakkledning på Juvike og Turrsjøen. Finn utbygginga mastodontisk i høve til spreidd hyttebusetnad med sporadisk bruk i sårbart terreng.</p> <ol style="list-style-type: none"> Det protesteras på at det ikkje er utarbeida konsekvensutgreiing for miljø. Valg av VA ledning og sentralt renseanlegg representerar gammaldags teknologi med alt for omfattande inngrep i terreng. Attgroingstida er svært lang. Langs stranda på Juvike er det beite og rekreasjonsområde med badestrender, fiskeplasser, gamle båtstøer og båthus. Juvike er utpeikt som den vakraste stølen i Valdres, og har ein særeigen verdi i det enkle hytte- og stølslivet som framleis finnes her. Det finnes lokale fullreinseanlegg og infiltrasjonsanlegg som er meir skånsame for terrenget. Det er investert i forbrenningstoalett, snurredass og andre lukka løysingar i samarbeid med kommunen. Dette kan utviklast vidare. Evt. borevatn kan hentas i røyr 100 m under overflata og påverkas ikkje av overflateforureining. Der hyttene ligger tett må en kunne vurdere lokale infiltrasjonsanlegg. Det er urimeleg at nokre få hytteeigarar med ca. 30 brukardøgn i året skal betale denne investeringa for dei fastbuande fordi kommunen ønskjer å levere/selje vatn til ei større befolkning. Det blir bedt om at kommunen utgreier andre løysingar enn VA ledning. Hyttene er ikkje fleire enn at dei kan vurderast individuelt, og kommunen kan kreve overgang til forbrenningstoalett på gass eller straum, eller lukka snurredasser og komposteringsløysingar.

Vår vurdering	<ol style="list-style-type: none"> 5. Syner til doknr. 15 pkt. 1. 6. Lågareaeliggjande område i Mellseenn området har berggrunn av skifer(kambro – silur). Erfaringsmessig har borebrønner i slike område liten kapasitet, og vatn av mindre god kvalitet (jern/mangan/svovel). Syner elles til doknr. 15 pkt. 5. 7. Syner til doknr. 15 pkt. 7. 8. Syner til doknr. 15 pkt. 5.
Doknr. 19	Halvdan Skard (hytteeigar Juvike)
Samandrag	<ol style="list-style-type: none"> 1. Gunstig om kommunen kunne opplyse om gjennomføringstidspunkt for felles avløpsløyning for Juvike – Skjærvike – Blilie. 2. Det er vidare noko uklart m.o.t. kostnad for eksisterande hytter og stølar. 3. Dreg det ut med felles løyning bør eksisterande busetnad straks få moglegheit til etablering av privat avløpsløyning. 4. Når kommunen har ansvar for at alle i kommunen har godt vatn, har kommunen også ansvar for dei som bur rundt Mellseenn. Juvike har i dag temmeleg dårleg drikkevatt, samtidig som området er nært god drikkevasskjelde. Framlegg om at det blir utarbeida handlingsplan for vassforsyning for hyttene og stølane i området.
Vår vurdering	<ol style="list-style-type: none"> 5. <i>For større investeringstiltak på VA området(tiltak 8-12 i handlingsprogram) er det ikkje utarbeida framdriftsplan for planperioda. Oppstart og framdrift er avhengig av interesse frå eksisterande busetnad, framdrift for evt. nye utbyggingsområde samt spesielle omsyn knytt til vassmiljø og vassforsyning. Store VA prosjekt er svært komplekse prosjekt, og fleksibilitet i høve til framdrift vurderas å gjeva best samla måloppnåing.</i> 6. <i>Det er utarbeida kostnadsoverslag for VA nett (tab. 9) og dekningsbidragskalkyle ut frå sjølvkostprinsippet (tab 22). Endelig kostnadsoverslag vil føreligge etter detaljplanlegging og anbod. Kommunen har ei gebyrsone, og kostnad for tilkopling og årsgebyr vil være gebyrsatsar i tilkoplingsåret. I 2018 er tilkoplingsavgift for hytter: 450 kr(inkl. mva) pr. m2 bruksareal for avløp og 300 kr pr. m2 bruksareal for vatn. Årsavgift(inkl mva) er 30 kr pr m3 for avløp og 17 kr pr m3 for vatn. I tillegg abonnementsgebyr på 1300 kr(inkl mva) for avløp og 1100 kr for vatn, jfr. sak 75/17 i kommunestyret.</i> 7. Syner til doknr. 15 pkt. 5. 8. <i>Ved etablering av VA nett blir det også lagt leidning for vassforsyning. Framdrift/handlingsplan for vassforsyning er dermed avhengig av oppstart og framdrift for etablering av VA nett.</i>
Doknr. 20	Eva Lian (hytteeigar Juvike)
Samandrag	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fint om kommunen kunne angi gjennomføringstidspunkt for felles avløpsløyning. 2. Uklart kva som blir kostnad for eksisterande hytter/stølar. 3. Dreg det ut i tid med felles avløpsordning, bør det vera mogleg for hytter og stølar å lage privat avløpsordning. 4. Med etablering av Mellseenn som drikkevasskjelde for søre del av kommunen vil det være naturleg at hyttene blir knytt til denne.

	Framlegg om at det blir utarbeida handlingsplan for vassforsyning for hyttene og stølane i området.
Vår vurdering	5. Syner til Doknr. 19 pkt. 1. 6. Syner til Doknr. 19 pkt. 2. 7. Syner til Doknr. 15 pkt. 5. 8. Syner til Doknr. 19 pkt. 4.

Frå høyringsinstansane ønskte vi særleg attendemelding på, jfr. høyringsbrev:

1. Framlegg til løysingar for vassforsyning og avløp for dei ulike infrastruktursonene/reinseområda.
2. Prioritering av tema og område i framlegg til handlingsprogram.
3. Val av løysing der alternative løysingar er vurdert for same område/infrastruktursone.

Ad. pkt 1:

Frå **hytteeigarar i Mellsenn** området jfr. doknr. 15, 17, 18, 19 og 20, er det framlegg om å vurdere enklare/separate løysingar for avløp som alternativ til VA nett. Grunngeving er i hovudsak miljøomsyn og kostnader. Samtidig er det fleire (hytteeigarar, grunneigarar) som har ønskje om felles lokal vassforsyning frå Mellsenn.

Etter rådmannen si vurdering legg føresegn i vedtatt arealdel for infrastruktursone I-410-M svært sterke føringar for at både eksisterande og framtidige bygg med innlagt vatn skal knytast til fellesløysingar, og det er lite rom for å dispensere frå dette kravet. Viktig grunngeving for dette er i eit langsiktig perspektiv ønskje om å ivareta Mellsenn som drikkevasskjelde for søre del av bygda/Kollstad vassverk. Vurderingane i VVA plan underbygger også dette, jfr. avs. 7.2, 7.5.2, 11.3.1.1 samt temakart i vedlegg 6 ang. registrerte natur- og kulturmiljøinteresser. Etablering av VA nett opnar også for felles lokal vassforsyning frå Mellsenn. Ved etablering av fellesløysingar for avløp i eksisterande busetnad vil det normalt være einingar som av praktiske/økonomiske årsaker ikkje kan knytast til fellesløysing. Pkt. 2 (Føresegn for gjennomføring av VVA plan), pkt. 3 (Retningslinje/forskrift for spredt avløp) og pkt. 6 (Separat avløp/infiltrasjonsløysingar innanfor infrastruktursonene) i handlingsprogram vil være grunnlag for å finne gode løysingar i slike tilfelle.

Rådmannen tilrår å oppretthalde framlegg til VA løysing for Mellsenn området med etablering av VA nett for Juvike – Skjærvike – Blilie med overføring av avløpsvatn til felles fullreinseanlegg på Juvikåsen. Det same gjeld framlegg om å utgreie nærare felles infiltrasjonsanlegg for høvesvis Turrsjøen og Mellsennheimstølen.

Foreningen for Mellsenn vassdraget jfr. doknr. 13, har framlegg om å nytte Sandtangen som råvasskjelde i staden for Mellsenn. Grunngevinga for dette er at grunnvassførekomst generelt er eit betre alternativ som råvasskjelder, omsynet til biologisk mangfald i Ygna samt at Sandtangen er vesentleg billigare å bygge ut.

Rådmannen sin vurdering er at det framleis er knytt noko usikkerheit til Sandtangen m.o.t. overdekning(umetta sone), forureiningsfare frå gammalt avfallsdeponi, samt relativt høgt humusinnhald i Vinda/vasstilførsel. Mellsenn har

svært god råvasskvalitet og hydrologi, og sjølvfall har fortrinn i høve til beredskap og sikkerheit. Biologisk mangfald i Ygna blir avklara i samband med konsesjonshandsaming etter vassressurslova § 8. Investeringsmessig ligg dei to alternativa etter våre overslag på omlag same nivå, men Sandtangen har vesentleg høgare driftskostnader pga. høge kostnader til pumping, 1-1.5 mill. kr pr. år.

Det vurderast ikkje å vera kome fram nye moment i spørsmålet om val av hovudvasskjelde i sør, og rådmannen tilrår at val av Mellsenn blir oppretthalde.

Ad. pkt. 2

Innbuarar i Skattebu- og Røgnbygde jfr. doknr. 21, har ut frå mange problem med dagens private enkeltvassforsyning frå brønnar/borebrønnar eit klart ønskje om at det blir lagt offentleg vassleidning gjennom bygda. Det blir peika på at dette er minst like viktig som offentleg avløp i fjellet.

VVA plan prioriterar etablering av Mellsenn som ny råvasskjelde for Kollstad vassverk med etablering av vassleding Mellsenn - Ås samt høgdebasseng innan 2022. Dagens inntak frå Ygna er ikkje tilfredsstillande korkje med omsyn til råvasskvalitet eller forsyningstryggleik.

Etablering av Mellsenn som ny råvasskjelde for Kollstad vassverk samt etablering av felles VA løysing for Mellsenn området , Rogne – Skattebu samt Luskeråsen området vurderast som dei mest sentrale tiltaka i plan i høve til kommunen sitt **formelle ansvar**, jfr. lover, forskrifter, nasjonale/lokale mål, overordna planer m.m. på vassforsyning- og vassmiljøområdet. Jfr. også prioriteringsmatrise i tab. 23 med tilhøyrande prioriteringskriterier. Etablering av VA nett for Rogne – Skattebu og Mellsenn som ny råvasskjelde for Kollstad vassverk er kostnadskrevjande med overslag på ca. 140 mill kr, og VA nett og felles vassforsyning må dermed m.a. av økonomiske årsaker sjåast i samanheng.

Rogne – Skattebu ligg etter vedtak i kommunestyret i sak 49/93 innanfor Vindin vassverk sitt forsyningsområde. Etter rådmannen sin vurdering er det avgjerande at forsyningsområda for vassverka blir tatt opp til ny vurdering og avklara tidleg i planperioden, jfr. tiltak 1 i framlegg til handlingsprogram for vassforsyning.

Ad. pkt. 3

Det er i samsvar med planprogram for enkelte infrastruktursoner/reinseområde utarbeida og vurdert sentrale kontra lokale fellesløysingar samt alternative løysingar innanfor områda, jfr. avsn. 11.3.4 Luskeråsen, 11.3.7 Javnlie og 11.3.8 Lokale kontra sentrale fellesløysingar.

Det er ikkje motteke innspel/merknader til dette punktet.

Med utgangspunkt i mottekne innspel/merknader tilrår rådmannen at følgjande endringar blir innarbeida i VVA plan:

Tillegg til avsn. 3.2.1 - kulepunkt 2:

- Uttak av grunnvatn til fellesanlegg/alminneleg vassforsyning på over 100 m³ pr. døgn krev melding/konsesjonsbehandling etter vassressurslova § 45. Uttak av overflatevatn til fellesanlegg/alminneleg vassforsyning krev konsesjonsvurdering/konsesjonsbehandling etter Vassressurslova § 8. Sjå også vegleiar 1-2017 frå NVE ang. behandling av vassdrags- og grunnvasstiltak.

Tillegg til avsn. 3.2.2 - kulepunkt 5:

- *Verneplan for vassdrag.* Kommunen har 3 varig verna vassdrag: Sjoa og Heggefjorden i Verneplan I og Etna i Verneplan IV. Det er utarbeida Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (FOR-1994-11-10-1001). Vernevedtak og Rikspolitiske retningslinjer inneber at det ikkje kan gjerast inngrep i vasstrengen eller i nedbørfeltet som endrar dei naturleg vassføringsvariasjonane, eller som i vesentleg grad påverkar dei vassdragsnære områda (100 m sone).

Nytt avsn. Kap. 13:

13.2 Gjennomføring av tiltak og avklaring i høve til råka interesser

VVA-plan er ei tematisk kommunedelplan som ut frå plangrunnlag, rammevilkår og målsettingar skal utgreie og definera aktuelle tiltak innanfor forvaltningsområda vassmiljø, avløp og vassforsyning. Ved planlegging og kartfesting av fysiske tiltak(eks. VA leidning) i LNFR område er gjeldande kartbasar for automatisk freda kulturminne, naturtypar, raudlista og freda arter samt stølsmiljø lagt til grunn. Ved detaljplanlegging og gjennomføring av vedtatt prioriterte tiltak vil avklaring i høve til alle råka interesser generelt måtte avklarast gjennom prosessar etter plan- og bygningslova, samt nødvendig særlovsbehandling (vassressurslova, jordlova - dyrka mark). Dette følgjer av gjeldande forvaltningssystem. Ved etablering av VA grøfter på dyrka mark er det særleg viktig å rekonstruere lagdelinga (matjord – undergrunn) og unngå jordpakking i samband med massetransport, jfr. Bioforsk rapport nr. 181 2012.

Kap 3 'Rammevilkår' har oversikt over viktig regelverk for forvaltningsområda vassmiljø, vassforsyning og avløp, dvs. lover, forskrifter, retningslinjer samt overordna regionale og lokale planar.

Rådmannen legg saka fram med slikt forslag til vedtak/innstilling:

Med endringar som går fram av saksutgreiing, jfr. tillegg til avsn. 3.2.1, 3.2.2 samt nytt avsn. 13.2, tilrår rådmannen formannskapet å leggja VVA plan fram for kommunestyret for slutthandsaming.

Formannskapet 01.02.2018:

Behandling:

Samrøystes vedteke

FS- 17/18 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Med endringar som går fram av saksutgreiing, jfr. tillegg til avsn. 3.2.1, 3.2.2 samt nytt avsn. 13.2, tilrår rådmannen formannskapet å leggja VVA plan fram for kommunestyret for slutthandsaming.

Kommunestyret 15.02.2018:

Behandling:

Samrøystes vedteke

KS- 08/18 Vedtak:

Med endringar som går fram av saksutgreiing, jfr. tillegg til avsn. 3.2.1, 3.2.2 samt nytt avsn. 13.2, vedtek kommunestyret VVA plan.

Rett møtebok: